

Protokoll - ekstraordinær generalforsamling Fjordkysten Friluftsråd

Den 12.03.2018 kl.1200 vart det halde ekstraordinær generalforsamling i Fjordkysten Friluftsråd v.h.a e-post kommunikasjon.

Dagsorden:

1. Opning av møtet og forteikning over eigarane/ordførarane;

Generalforsamlinga vart opna av styreleiar Arlene Vågane som oppretta fylgjande forteikning over eigarane som møtte, enten sjølv eller ved fullmektig. Til stades var:
Ole Andre Klausen
Gunn Åmdal Mongstad
Arlene Vågane med fullmakt fra Ola Teigen

2. Val av møteleiar og personar til å underskrive protokollen

Som møteleiar vart vald Arlene Vågane

Til å underteikne protokollen saman med møteleiaren vart vald;
Gunn Åmdal Mongstad

3. Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden vart godkjent (eventuelle merknader mot innkallinga og dagsorden må handsamast og protokollførast her).

4. Opptak av ny medlemskommune Bremanger

Under føresetnad av godkjenning i kommunestyra vert Bremanger Kommune oppteken som medlem av Fjordkysten Friluftsråd.

5. Endring av styre, 2 nye styrerepresentanter

Elisabet Hatlenes og Charlotte Skjølberg vald som styremedlemmer
Alexander Frøyen vald som vara.

6. Endring av vedtekter

§9 VEDTEKSENDRINGAR

Endring av vedtektene kan berre gjerast på Årsmøte eller Ekstraordinært årsmøte. Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal. Opptak av nye medlemskommunar § I skal også godkjennast av deltakarkommunane.

Etter godkjenning av opptak av Bremanger som ny medlemskommune i Fjordkysten Friluftsråd, vert § 1 endra slik;

§ I DELTAKARKOMMUNAR

Fjordkysten Friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan etter § 27 i Kommunelova mellom Bremanger, Flora, Askvoll og Solund kommunar. Tilslutnad frå nye deltakarkommunar må godkjennast av friluftsrådet sitt årsmøte og kommunestyret i kvar deltakarkommune.

Møtet vart deretter heva.

Dato Stad
12.03.2018 _____

Underskrift

Underskrift